

# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	05.11.2012	258/12	HAS

Sakshandsamar: Hogne Askeland	Arkiv: GBNR-54/1 Objekt:	Arkivsaknr 10/1105
-------------------------------	-----------------------------	-----------------------

### GNR 54/1 ULVATN - SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE - GODKJENNING

#### Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsendar/Mottakar
1	I	18.11.2010	Kjell A. Ulvatn
2	U	14.12.2010	Kjell A. Ulvatn
3	I	24.07.2012	Kjell A. Ulvatn
5	I	14.11.2012	Kjell A.Ulvatn og Norvald Ulvatn

#### Tittel

Gnr 54/1 Ulvatn - søknad om utsleppsløyve  
 Gnr 54/1 Ulvatn - søknad om utsleppsløyve-Svar  
 Gnr 54/1 og 19 Ulvatn - søknad om utsleppsløyve  
 Gnr 54/1 Ulvatn - nabovarsel

**Adresse:** Ulvatn 75 og Ulvatn 80

**Tiltakshavar:** Kjell A. Ulvatn

**Søknadstype:** Søknad om utsleppsløyve frå våningshus og bustad

#### Tiltak

Det er søkt om utsleppsløyve for gnr. 54, bnr.1 og bnr. 19. Søknaden gjeld utslepp via minireinseanlegg med tett leidning til heilårsresipient utanfor nedslagfeltet til Ulvatnet. Utsleppet si mengd er ikkje opplyst i søknaden

#### Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta § 12-3 kan ingen setja i verk utslepp eller auke eksisterande utslepp utan at det ligg føre søknad og løyve til utslepp etter forureiningsforskrifta § 12-5..

Søknad skal handsamast etter Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune godkjent av kommunestyret den 01.09. 2010 med heimel i Lov om vern mot

forurensninger og avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr 6, §9, jf. Forskrift om begrensning av forurensing (forureiningsforskrifta) av 1. juni 2004 nr. 931 § 12-6.

#### **Reinsekrav**

Eigedomen ligg i eit område som er innanfor sikringssona for nedslagfeltet til drikkevasskjelda Ulvatn. Ved å føra utslepp av overvatn frå anlegget ut av nedslagsfeltet til drikkevasskjelda har Radøy kommune vurdert at det kan godkjennast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireiseanlegg i reinseklasse 1.

#### **Nabovarsel**

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsle og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det har ikkje komen merknader til søknaden.

#### **Planstatus**

Tiltaket ligg innafor området som i kommuneplan for Radøy kommune er definert som område for LNF-føremål. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

#### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:1000 jf forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

#### **Privatrettslege rettar**

Anlegget skal plasserast på tiltakshavars eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege løyver. Det ligg føre fråsegn frå eigar av eigedom gnr./bnr. 54/2, der det vert gjeve løyve til å legge avløpsleidning innpå eigedom gnr./bnr.54/2 for å sleppe ut overvatn der.

#### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyve at eigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf lokal føresegn § 13 og forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

#### **Vedtak:**

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, gebyrregulativ vedteke 15.12.11, forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 og Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune § 7 vert det gjeve UTSLEPPSLØYVE FOR MINIREINSEANLEGG på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireiseanlegg i reiseklasse 1. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning ut frå nedslagsfeltet for Ulvatnet og fram til ein heilårsresipient som omsøkt og vist på kart. Avløpsanlegget skal

utførast i samsvar med forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune.

2. Dersom minireinseanlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av septikbil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til septikbil ikkje overstig 8 meter.
3. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet tek til.
4. Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.
5. Det må sendast inn stadfesting frå montør, og koordinatar for plassering av anlegget før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve.
6. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

KODE 17.2.1.a	Utsleppsløyve	kr	4 100,-
<b>SUM</b>		kr	<b>4 100,-</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

### Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje satt i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstilla arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn, jf forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

### Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal ansvarleg sokjer skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet.

Samtidig skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest, jf lokal føresogn § 4.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

### Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Radøy kommune er forureiningsmyndigkeit og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utföra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av

anlegget dekkar kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf lokal føresegns § 14, forureiningslova kap 7 og gebyrregulativ for Radøy kommune kap 17.3.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsmyndigheita oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om nødvendig kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf lokal føresegns § 14 og forureiningsforskrifta § 12-14.

### Klage

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på innan tre veker frå mottaksdato, jf forureiningsforskrifta § 12-15. Sjå vedlagt orientering om klagerett.

Tonje Nepstad Epland  
Leiar plan, næring og teknisk/Juridisk rådgjevar

  
Hogne Askeland  
Prosjektkoordinator

### Kopi til:

Kjell A. Ulvatn

Tuftamyra 3A

5911 ALVERSUND